



KM 6/13

KYRKJE 18/30

Merknader frå kyrkjemøtekomiteen

Kyrkja er for alle, også aldersgruppa 18 til 30 år!

Menneske i denne alderen er ei mangfaldig gruppe. Mange er i ein livsfase prega av val, oppbrot og etablering. Kyrkja må ha fokus på alle i aldersgruppa, uansett livssituasjon. Auka fokus på denne gruppa kan bidra til at kyrkja på ulike måtar og ulike stader er tydeleg til stades i unge vaksne sine liv.

Komiteen ynskjer at «Kyrkje 18-30» skal bidra til at vi reflekterer over korleis vere ei livsnær, relevant og tilgjengeleg kyrkje for alle. Vi vil peike på dei møtestadene som er i det eksisterande arbeidet i soknet, slik som kyrkjelege handlingar, gudstenester, trusopplæring, diakonal verksemd, musikk og kultur, og det potensialet som ligg her. Komiteen vil oppmode kyrkjelydane om å arbeide med kvaliteten i dette arbeidet. Dei kyrkjelege handlingane som dåp, vigsel og gravferd, og førebuingane til desse, er sentrale møtestader med denne aldersgruppa og må styrkjast som ramme for livstolking og livsmeistring. Kyrkja sine fellesskap og møtestader bør vere mangfaldige i uttrykksform, breidd og djupn. Her skjer samlinga om nådemidla som gir vekst i trua. Å møte menneske der dei er i livet, er avgjerande for å byggje relasjonar og tillit, og slik styrkje kjensla av å høyre til.

«Kyrkje 18-30» er ei sak der ein ynskjer å fremje medvit i kyrkja om dei ressursar og behov som unge vaksne i kyrkjelyden representerer. Komiteen vonar at kyrkja si forkynning, arbeid og vilje til å involvere, kan bli positivt utfordra. Kyrkja treng at engasjerte unge vaksne er leiarar i kyrkja, men dei må ikkje berre få ansvar, dei må også få fellesskapsopplevingar og samhald der dei får vere deltakarar og ikkje berre bidragsytarar. Kyrkja er ein stad der ein både kan vere og gjere.

Komiteen oppmodar til samarbeid mellom kyrkjelydar og frivillige organisasjonar.

Kyrkja bør fremje samarbeid mellom ulike aktørar som studentprestar, feltprestar og andre for å møte dei ulike behova og byggje relasjonar. Komiteen ynskjer særskilt at det blir arbeida for å styrkje studentprestenesta på studiestadene ved å etablere fleire stillingar.

Komiteen viser til Kyrkjemøtevedtak 05/09 og takkar Kyrkjerådet for arbeidet som er gjort for å utvikle strategiarbeidet «Kyrkje 18-30». Komiteen vil oppmoda Kyrkjerådet til å samarbeide med fagmiljøa om å halde fram fagutviklinga. Komiteen vonar at arbeidet med «Kyrkje 18-30» kan vere ein ressurs i bispedømme og kyrkjelydane sitt arbeid med strategiar og planar, og vil vise til ansvaret kyrkja har for å oppfylle strategiplan for samisk kyrkjeliv.

Antologien kan vere ein ressurs i arbeidet med å skape refleksjon og medvit i kyrkjelydane og blant kyrkjelege medarbeidarar. Nettstaden kirke18-30.no kan også bidra i dette arbeidet. Komiteen oppmodar Kyrkjerådet til å vidareutvikle nettstaden som ein ressurs for arbeidet med målgruppa.

Kyrkjemøtet sitt vedak

1. «Kyrkje 18-30» handlar om å vere kyrkje i vår tid. Kyrkjemøtet oppmodar heile kyrkja til å styrkje medvitet om å vere ei livsnær, relevant og tilgjengeleg folkekyrkje for alle.
2. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkjelydane og rådsorgana om å vere merksame på aldersgruppa 18-30 i alt sitt arbeid. Dette er særleg viktig i arbeidet knytt til dei kyrkjelege handlingane. Også samisk kyrkjeliv må ivaretakast.
3. Kyrkjemøtet oppmodar Kyrkjerådet og bispedømmeråda om å halde fram med å utvikle og styrkje det kyrkjelege ungdomsdemokratiet.
4. Kyrkjemøtet oppmodar bispedømmeråda om å arbeide for å styrkje studentpresttenesta.
5. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet, i samarbeid med ulike fagmiljø og kyrkjelege instansar, om å fremje vidare fagutvikling knytt til aldersgruppa 18-30. Kyrkjemøtet oppmodar utdanningsinstitusjonane om å gi arbeidet med unge vaksne eit særleg fokus i utdanningane for kyrkjelege medarbeidarar.
6. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å gjere antologien «Livsnær. Relevant. Tilgjengelig» kjend og tilgjengeleg, og i tillegg vidareutvikle nettstaden kirke18-30.no.